



Hjelpetilbod frå Hardanger Barnevern

Circle of Security, Parenting (COS-P)	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: 0-12 år	
Omfang: 9 møte med foreldra, inntil 2 timar kvar gong	Kontaktperson i tenesta: Kari-Anne Kvestad Kråkevik, tlf: 97 55 86 61, e-post: kari-anne.kraakevik@odda.kommune.no , Anita Draugsvoll, tlf 97 55 86 71, e-post: anita.draugsvoll@odda.kommune.no
Tiltaket: COS-P/ Circle Of Security, tryggleikssirkelen, er eit forelderrettleiingsprogram som byggjer på forskning om tilknytning mellom omsorgsgjevarar og deira barn. Hovudmålet er å sjå barnet sitt behov, møte det på ein god måte og å vera bevisst eigne reaksjonar når barnet oppfører seg utfordrande. Gjennom bruk av tryggleikssirkelen skal omsorgsgjevarar få hjelp til å observera barnet sitt, trekkje slutningar ut frå observasjonane sine og setja ord på relasjonelt samspel mellom seg og barnet. Terapeuten er omsorgsgjevarane si «trygge hamn» under opplæringa i bruk av tryggleikssirkelen. Vegen til tryggleik består i å ha eit kart (tryggleikssirkelen) å kunna sjå seg sjølv og barnet sitt utanfrå, og å snakka om kva ein gjer for at barnet skal kjenne seg trygt og kva meir ein eventuelt kan gjere for at barnet skal kjenne enno meir tryggleik. Dette inkluderer og å gjenkjenne ubehag, anerkjenne ubehag og likevel møte barnet med tryggleik.	



Hjelpetilbod frå Hardanger Barnevern

Emosjonsfokuserert ferdighetstrening for foreldre (EFST)	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: 0-18 år	
Omfang: 2 dagars kurs	Kontaktperson i tenesta: Kari-Anne Kvestad Kråkevik, tlf 97 55 86 61, e-post: kari-anne.kraakevik@odda.kommune.no , Anita Draugsvoll, tlf 97 55 86 71, e-post: anita.draugsvoll@odda.kommune.no
<p>Tiltaket: Ferdighetstrening for foreldre er eit tilbod til alle foreldre som ynskjer å bli tryggare i si rolle som forelder og omsorgsgjevar. Vi tilbyr og rettleiing til andre som arbeider med barn og ungdom og deira omsorgsgjevarar, f.eks barnehagar, skular og barnevern. Har du eit barn med psykisk uhelse eller atferdsforstyrningar, og du treng rettleiing på korleis du betre kan møte barnet ditt? Opplever du ofte situasjonar i møte med barnet ditt kor du ikkje veit kva du skal gjera? Situasjonar kor tålmodet tar slutt, frustrasjonen tar overhånd og du kan kjefta, ropa eller kanskje ta tak i barnet ditt? Eller situasjonar kor du blir engsteleg og usikker, kor du kan føla deg lamslått eller trekk deg unna barnet ditt? Foreldrerolla kan vere krevjande, og ingen foreldre er perfekte. Dei fleste foreldre har ofte det til felles at dei er programmerte til å yta omsorg og beskytta barna sine. Nokre gonger kan det likevel oppstå hindringar som vanskeleggjer dette arbeidet, og kor vi som foreldre kan kjenna på avmakt. Då kan vi og risikera å optre på måtar som skapar vonde følelsar både i barnet og i den vaksne.</p> <p>Målet med metoden er å støtta foreldre og omsorgspersonar til å ta på seg rolla som aktive agentar i forhold til å reparera og hjelpa barn med hensyn til barnet sine symptom - anten dei slit med angst, tvangsliding, depresjon, spiseforstyrningar osb, og til å rettleia barna i forhold til å handtera stress, følelsar og emosjonell smerte. På denne måten blir målet å skapa ein gjensidig tryggleik både hjå barnet og den vaksne.</p>	



Hjelpetilbod frå Hardanger Barnevern

Generell familierapi	Gjeld nivå:2
Aktuell aldersgruppe: 0-23	
Omfang: barn/ungdom og deira familiar	Kontaktperson i tenesta: Terje Solvi, terje.solvi@odda.kommune.no
<p>Tiltaket: Familierapi tilbyr hjelp til å avdekke negative familiemønstre og til å endre desse. Familien møter ein terapeut i lag, dei kan og møte to eller fleire terapeuter samtidig (reflekterande team). Terapeuten/e hjelper familien med å få fram alle stemmene i rommet. Målsettinga er å legge til rette for at dei som er nærast kvarandre, skal forstå kvarandre. Ofte får familien tilbod om både individuell familierapi og kurs.</p>	



Hjelpetilbod frå Hardanger Barnevern

Støttekontakt/besøksheim	Gjeld nivå:2
Aktuell aldersgruppe: 0-23	
Omfang: barn/ungdom og deira familiar	Kontaktperson i tenesta: Terje Solvi, terje.solvi@odda.kommune.no
Tiltaket: Barn og foreldre med lite nettverk, manglande sosialkompetanse/tryggleik, kan få styrka dette gjennom ein støttekontakt til barnet eller til foreldra.	



Hjelpetilbod frå Hardanger Barnevern

Avlastningsinstitusjon	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: 0-18	
Omfang: individuelt	Kontaktperson i tenesta: Terje Solvi, terje.solvi@odda.kommune.no
<p>Tiltaket: Avlastningstiltaket er for personar og familiar som har eit særleg tungt omsorgsarbeid. Avlastning skal gjere det mogeleg å opprette gode familierelasjonar, ta vare på sosiale nettverk og hindre utmatting hjå omsorgsgjvaren. Avlastning skal gje pårørande nødvendig og regelmessig fritid og ferie. Avlastningsboligen fungerer som ein vanleg heim med ulike familieaktivitetar. Tilbodet vert tilrettelagt individuelt for den enkelte brukar og vert fulgt opp på ev opplærings- eller behandlingssopplegg. Brukarane tar del i huslege aktivitetar og det vert lagt til rette for ADL trening m.m.</p>	



Hjelpetilbod frå Hardanger Barnevern

To-base, utvida besøksheim	Gjeld nivå:2
Aktuell aldersgruppe: 0-23	
Omfang: barn/ungdom og deira familiar	Kontaktperson i tenesta: Terje Solvi, terje.solvi@odda.kommune.no
Tiltaket: Barn med store omsorgsbehov eller foreldre med særskilte behov, kan få tilbod om at barnet bur delvis i ein støttefamilie/omsorgsbasis. Foreldra har framleis dagleg omsorg, men den fysiske belastninga blir mindre.	



Hjelpetilbud frå Hardanger Barnevern

Utgreiing/retteiingsopphald på foreldre- og barn senter	Gjeld nivå:2-3
Aktuell aldersgruppe: 0-23	
Omfang: barn/ungdom og deira familiar	Kontaktperson i tenesta: Terje Solvi, terje.solvi@odda.kommune.no
<p>Tiltaket: Dette er eit frivillig hjelpetilbud for gravide, einslege foreldre og par med eit eller fleire barn i ulik alder, kor det er bekymring for barnet sin omsorgssituasjon. Familien får tilbod om eit opphald frå 1-6 mnd, dei bur i eigen bustad på institusjonen, og ivaretar sjølv omsorga for barnet i denne perioden. Under opphaldet får barn og foreldre eit intensivt og mangfoldig terapeutisk tilbod.</p>	



Hjelpetilbod frå Hardanger Barnevern

Økonomisk støtte til fritidsaktivitet	Gjeld nivå: 2 og 3
Aktuell aldersgruppe: 0-23	
Omfang: barn/ungdom og deira familiar	Kontaktperson i tenesta: Terje Solvi, terje.solvi@odda.kommune.no
Tiltaket: Hardanger Barnevern kan dekke utgifter og hjelp til praktisk organisering ved deltaking på organiserte leirar/turar. Barnevernet kan og dekke utgifter til aktivitetar som barn har på fritida: medlemskontingent, utstyr mm.	



Hjelpetilbod frå Hardanger Barnevern

Ettermiddagstilbod ved OppMot læringscenter	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: 6-16	
Omfang: To ettermiddagar i veka	Kontaktperson i tenesta: Kari-Anne Kvestad Kråkevik, tlf 97 55 86 61, e-post: kari-anne.kraakevik@odda.kommune.no ,
<p>Tiltaket: Etter skuletid tysdagar og torsdagar, har Hardanger barnevern og OppMot læringscenter, eit fritidstilbod for barn i grunnskulen. Oppmøte ved Odda barneskole. Barn i Tyssedal og på Odda ungdomsskule blir henta av tilsette ved OppMot. Deretter går turen vidare til Digranes og alle et middag i lag der. Barna er med på å lage og servere denne.</p> <p>Vinterstid er det fokus på aktivitetar i snøen. Håradalen og Korlevoll er flittig i bruk og det er heiskort tilgjengeleg for alle. Vår og haust er det turar i lokalområde til Digranes, fiske i Sørfjorden og tilbereding av fangsten. Turar til Tyssedal jakt og fiskelag si hytte i Skjeggedal (Smiåsen), padling med kano på Sandvinsvatnet og i storelva frå Hildal, med middag i felten. Er det dårleg vær vert Tyssohallen brukt flittig og der er klatreveggen populær.</p> <p>OppMot låner ut alpin- og langrennutstyr, samt skikort til skisenteret, til barn og ungdom ved Oppmot/barnevernet.</p>	



Hjelpetilbud frå Hardanger Barnevern

Ettermiddagstilbod ved Odda ungdomsskule	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: Ungdomsskulen	
Omfang: tysdagar og torsdagar frå 14-17	Kontaktperson i tenesta: Terje Solvi, tlf. 97558511, terje.solvi@odda.kommune.no
Tiltaket: Tysdagar og torsdagar frå kl 1400-1700, er skulen open for elevar. Dei har tilgang til dei ulike arenaene for aktivitet, og vaksne er tilstade for elevane.	



Hjelpetilbud frå Hardanger Barnevern

Frukost ved Odda ungdomsskule	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: Ungdomsskulen	
Omfang: Ein time før skulestart kvar morgon	Kontaktperson i tenesta: Kari-Anne Kvestad Kråkevik, tlf 97 55 86 61, e-post: kari-anne.kraakevik@odda.kommune.no , Odda ungdomsskule: Ann Elin Ramsdal, ann.e.ramsdal@odda.kommune.no
Tiltaket: Elevar får tilbod om enkel frukost og varm drikke før skulestart. Ann Elin Ramsdal er kontaktperson ved Odda ungdomsskule.	



Hjelpetilbod frå Hardanger Barnevern

Sommarferietilbod	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: 6-16	
Omfang: 3 dagar	Kontaktperson i tenesta: Kari-Anne Kvestad Kråkevik, tlf 97 55 86 61, e-post: kari-anne.kraakevik@odda.kommune.no ,
Tiltaket: Hardanger barnevern er opptatt av at alle barn skal ha positive opplevingar å sjå tilbake på når skulen starter til hausten. I fleire år har vi tatt med barn i ulike aldrar, på ferietur til Nordsjø ferieland i Gvarv, ein 10 minutters reise frå Bø Sommerland. I Norsjø ferieland har dei ei av Europas beste kabelbanar for wakeboard, wakeskate og vannski. I tillegg er det trampoline både på land og i vatn. På turen har vi fokus på sunt og godt kosthald og at barna er med på å førebu alle måltida. Hyttene som vi leiger, ligg ved vatnet og barna badar når dei måtte ønskje det. Barnevernet låner våtdrakter og bil frå Oppmot, så dårleg vær er ingen hindring! Vi tar og turen til Bø Sommerland, kor vi får prøve dei ulike attraksjonane, tilpassa den enkeltes behov for adrenalinkick. Dette er, utan tvil, like kjekt for oss voksne som for barna!	